



Vår dato:

30.04.2020

Vår ref:

2019/13471

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 55 57 23 25
Maria Collett Knagenhjelm, 57 64 31 37
Tore Larsen, 57 64 31 26
Olav Overvoll, 55 57 23 15

Oppstart av frivillig skogvern av åtte område i Vestland

Etter dialog med grunneigarane, AT Skog og Norskog melder vi formell oppstart med frivillig skogvernarbeid av åtte område i Vestland. Tre av områda gjeld utviding av eksisterande naturreservat.

Totalt utgjer areala 12 283 dekar. Av dette utgjer områda om lag 11 000 dekar skog og 9 490 dekar produktiv skog. I gjeldande kommuneplanar har alle områda føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR) og noko areal avmerkt med omsynssone. Etter ønskje frå aktuelle grunneigarar kan det bli mindre justeringar av områda etter oppstartsmeldinga.

Områda vi melder oppstart på er:

1. Bugen naturreservat (utviding) i Bremanger kommune (457 dekar)
2. Gjeskedalen og Furesukken i Ullensvang kommune som utviding av Gulbergnotten naturreservat (2542 dekar)
3. Hopslia naturreservat i Samnanger og Bjørnafjorden kommunar (2 596 dekar)
4. Kjepso og Litletveit i Kvam herad som utviding av Uranes naturreservat (978 dekar)
5. Krakksfjellet naturreservat i Solund kommune (1 600 dekar)
6. Skarvatun naturreservat i Kvinnherad kommune (1 680 dekar)
7. Stronda naturreservat i Høyanger kommune (1 077 dekar)
8. Stussvikhovda naturreservat i Bjørnafjorden og Kvinnherad kommunar (1353 dekar)

Nasjonale naturverdiar

Dei åtte områda fordeler seg over heile fylket og fangar opp eit mangfald av artar og viktige naturtypar. Vernet vil omfatte mellom anna rike edellauvskogar, eldre kalkrike blandingsskogar, vestnorske regnskogar, rikmyrar og rik sumpskog. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiiane i mest mogleg urørd tilstand.



Bugen (utviding). Området representerer ein bestemt type natur i form av lite påverka, gammal og variert furu- og bjørkeskog med førekommstar av fleire sjeldne artar. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsforemål (LNFR), med faresone høgspentanlegg og i tillegg ras- og skredfare.

Gjeskedalen og Fureskukken (utviding Gulbergnotten). Variert skog med både edellauvskog og furuskog som er representativ for midtre strok av Hardangerfjorden. Området har stadvis urskogpreg og ein har overgangar frå frodige skogtypar i låglandet til meir fattige typar i fjellet. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsforemål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone ras – og skredfare.

Hopslia. Området er ein del av eit større skoglandskap, og har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med m.a. rik edellauvskog, eldre furuskog, rik myr og rik sumpskog. Fleire trua artar er registrert. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsforemål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone ras – og skredfare.

Kjepso og Litleveit (utviding Uranes naturreservat). Eit større edellauvskogområde representativt for midtre strok av Hardangerfjorden. Kalkrik berggrunn og lun lokalisering, gjer at floraen i området er både svært artsrik, variert og frodig. Ei rekke truga artar av karplantar, sopp og insekt er registrert. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur- og friluftsforemål (LNFR) og sone ras- og skredfare.

Krakksfjellet. Eit av dei få relativt store og urørte oseaniske skogområda som er igjen i ytre kystområde på Vestlandet. Skogen har reliktkarakter i ein del av landet som elles er sterkt påverka av avskoging. Området er i dag mellombels verna.

Skarvatun. Eit av dei mest produktive og varierte skogområda i låglandet i Vestland. Viktige naturtypar er rik edellauvskog, rik sumpskog, kalkfuruskog, hole eiketre og rike strandberg. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsforemål (LNFR) med dels omsynssone bevaring naturmiljø.

Stronda. Rik edellauvskog representativ for fjordliene kring midtre Sognefjord. Alm-lindeskog med variert alder dominerer som skogutforming. Men det er også innslag av andre lauvtre som eik, hegg, hassel, svartor, gråor og rogn. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur- og friluftsforemål (LNFR).

Stussvikhovda. Viktig kvalitetar er eldre oseanisk kalkfuruskog, rik edellauvskog og vestnorsk regnskog. Området utgjer saman med andre naturreservat eit større naturprega skoglandskap. I kommuneplan er området avmerkt med landbruk, natur og friluftsforemål (LNFR), med omsynssone bevaring naturmiljø og faresone høgspentanlegg.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei truga raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å ta vare på vestlandsnaturen for framtida.



Berre 2,9 prosent av skogen verna

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tap av naturmangfald, og som eit leidd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre 2,9 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland.

Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fiske m.v. og ålmenta vil framleis kunne plukke sopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like. Kraftlinjer som går gjennom områda skal kunna driftast, vedlikehaldas og oppgraderast.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil Fylkesmannen sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring. Vi jobbar for vernevedtak innan utgangen av 2020.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift m.v. finn du på nettstaden vår <http://www.fylkesmannen.no/vestland> under sida «høyringar». Her kan du også sende inn innspel til denne oppstartsmeldinga. Du kan også sende innspel med brev til Fylkesmannen ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no

Frist for å kome med innspel er 31. mai 2020

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: kart og verneforskrift

Kopi til:
Miljødirektoratet
AT Skog
Norskog



Adresseliste:

Grunneigarar i reservata (vidaresendt frå AT-skog og Norskog)	Norges vassdrags- og energidirektorat
Bremanger kommune	Norsk Bergindustri
Ullensvang kommune	Norsk Biologforening
Samnanger kommune	Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Bjørnafjorden kommune	Norsk Botanisk Forening
Kvam herad	Norsk Industri
Kvinnherad kommune	Norsk institutt for Bioøkonomi
Høyanger kommune	Norsk Organisasjon for Terrengsykling
Solund kommune	Norsk Ornitologisk Forening
Voss herad	Norsk Sau og Geit
BKK NETT AS	Norsk Zoologisk Forening
Den Norske Turistforening	Norskog
Direktoratet for mineralforvaltning	NTNU, Vitenskapsmuseet
Fiskarlaget Vest	SABIMA
Fiskarlaget Vest	SFE Nett
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Stadnamnenesta på Vestlandet
Fiskeridirektoratet	Statens Kartverk
Forsvarsbygg	Statkraft SF
Fortidsminneforeningen	Statnett SF
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)	Universitetet for miljø- og biovitenskap
Friluftslivets fellesorganisasjon	Universitetet i Bergen
Friluftsrådenes Landsforbund	Universitetet i Tromsø
Fusa Kraftlag	Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage
Hardanger Energi Nett AS	Vegdirektoratet
Haugaland Kraft Nett AS	Vest Politidistrikt
Havforskningsinstitutet	Vestland fylkeskommune
Høgskulen på Vestlandet	Visit Sognefjord
Kommunal- og regionaldepartementet	WWF - Norge
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	
Kvam Kraftverk	
Kvinnherad Energi AS	
Kystdirektoratet	
Landbruksdirektoratet	
Luftfartstilsynet	
Natur og Ungdom	
NHO Reiseliv	
Norges Bondelag	
Norges Dykker forbund	
Norges Geologiske Undersøkelser	
Norges handikapforbund	
Norges Jeger- og Fiskerforbund	
Norges Kystfiskarlag	
Norges Miljøvernforbund	
Norges Naturvernforbund	
Norges Orienteringsforbund	
Norges Skogeierforbund	